



Referat for DRIFTSSTYREMØTE KLEPPE SKULE

TORSDAG 22.09.22 KL. 18-20

Stad: Møterom, personalinngang

Tilstade: Tina Lode Strand (FAU), Miriam Stokka (elevråd), Bastian Bøylestad (elevråd), Lauritz Bauge (ped.pers), Simon Gjæver (FAU), Marianne Mæle (FAU), Leif Oscar Reiestad (ped.pers), Einar Erga (pol./skuleeigar), Morten Laland (skuleleiing).

Forfal: Siren Meling (anna pers).

Sak 01/22-23 – Konstituering av Driftsstyret og Skulemiljøutval

- Leiar Driftsstyret og Skulemiljøutval: Leif Oscar Reiestad
- Nestleiar Driftsstyret og Skulemiljøutval: Simon Gjæver
- Foreldrerepresentant/FAU: Tina Lode Strand og Marianne Mæle
- Pedagogisk personal: Lauritz Bauge og Leif Oscar Reiestad
- Anna personal: Siren Meling og vara Mette Erga Brunnes
- Elevrepresentant/Elevrådsstyret: Miriam Stokka og Bastian Bøylestad
- Hovudutval barn og unge: Einar Erga
- Rektor

Sak 02/22-23 – Godkjenning av referatet frå 09.06.22

Referatet blei godkjent utan merknadar.

Sak 03/22-23 – Møteplan for Driftsstyret 22-23

Til orientering og gjennomgang:

22.09.22 kl. 18.00-20.00

16.11.22 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

31.01.23 kl. 18.00-20.00


13.04.23 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

08.06.23 kl. 18.00-20.00

Sak 04/22-23 – Utviklingsplanen for Kleppe skule 2022-2024

Til orientering og fekk her ein god gjennomgang og drøfting.

Utviklingsplanen er ein plan for retning og mål for skulen sitt arbeid. Områda i planen er eit resultat frå drøftingar i personalet, målingar og kartleggingar som er gjort internt, men og gjennom til



Med blikk for alle



dømes elev- og foreldreundersøking. Fokuset er implementering av fagfornyinga. Identitet og kulturelt mangfald er spesielt valt ut. Skulen har 49 ulike nasjonalitetar representert og dette er viktig for skulen og noko vi som skule er stolte av. Litt av dette mangfaldet vil og kome fram når vi igjen skal ha Aksjonskveld når heile skulen samlar inn pengar til "Leger uten grenser".

Elevrådsarbeidet vil og vere ein fin arena for inkludering og vil jobbe aktivt for dette.

Skaparglede, engasjement og utforskartrang er eit anna viktig mål. Dette heng saman med elevane sin motivasjon, elevmedverknad og for at elevane skal bli meir aktive i eiga læring.

Vi drøfta om Utviklingsplanen skulle blir delt på Visma i tillegg til å ligge på heimesida. Ein ide er og om FAU skal kommunisere dette ut på ein tydelegare måte for eit større engasjement og forankring også i foreldregruppa.

Vi gjekk og gjennom den nye versjonen av det Sosiale Årshjulet til skulen som sikrar noko av det systematiske arbeidet på tvers av klassar og årskull.

Skulen har i år starta med at kontaktlærarane har fått nedsett tid til elevsamtaler. Dette har vi stor tru på vil vere positivt for alle elevane.

Det blei og drøfta litt rundt frå tilstandsrapporten frå KTT, Klepp tverrfaglege team. Det er gjort vedtak om evaluering frå skulane i Klepp. Det er viktig for alle innbyggjarar i Klepp med eit godt kommunalt system som hjelper elevane der dei er. Rapporten får fram ein god jobb som er gjort med tanke på gjennomføring av vidaregåande skule.

Sak 05/22-23 – Økonomi og budsjett

Orientering om økonomi så langt 2022 og budsjett 2023.

Slik det ser ut nå ligger vi an til eit overforbruk. Venter å få ein del refusjonar tilbakebetalt som vil gjer at overforbruket blir mindre enn det er no.

Ang investeringar og inventar for aula så er det en del pengar igjen. Det gjer at dei tinga som er venta med, som gardarobar, tillegg på teknisk utstyr etc. kan kjøpast inn no.


Det har vore ein viktig prioritering for skulen og bevilling frå kommunen med støtte til innkjøp av nye læremidlar.

Ser og at kommunalt går Barn og unge mot overforbruk.

Sak 06/22-23 – Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutval Barn&Unge

Elevrådet melder at nytt styre blei valt før sommarferien og då var skulesjef med på valet. Det var mange elevar som ønsker å bli valt og over 60 elevar hadde talar. Snakka om innsamlinga til Leger utan grenser og elevrådsstyret sitt bidrag på fellessamlinga på fredagen i Aksjonsveka. Dei sa også litt om mobbing som dei vil synleggjer på fellessamling om kva mobbing kan vere. Elevrådsstyret informerte og om blomen dei gav til rektor.

FAU hadde første møte i går. Då blei styre konstituert, men representant for 2.trinn manglar. Plan for året blei gjennomgått. Sakar som blei drøfta var foredrag i kommunen og ønske som kom frå





KLEPP KOMMUNE



6.trinn om å leie inn Stine Sofie stiftelsen.

Samsnacking og einigheit i FAU når det kom til dugnadsarbeid, foreldrearrangerte turar og det prinsipielle vedr. dugnadar til klassekassane.


FAU ser fram til eit spanande år med dedikerte medlemmar som ønsker vervet.

Frå skulen er det godt med oppstart av nytt skuleår utan korona og restriksjonar. Det er for tida streik og saken det streikes for er noko som mange kjenner på kroppen av dei som jobber i skulen. Det blei lyfta fram at det bør nok vere større åpenheit om kven elevane møter i skulekvardagen når det er vikarar. Det er god stemning i gjengen og positivt med nedsatt tid til elevsamtalar for kontaktlærarane.

Barn og Unge hadde saka om tilstandsrapporten vedr. Klepp tverrfaglege team. Den saka blei drøfta tidlegare i møte.

Klepp kommune, 22.09.22

Morten Laland
Ass.retor



Med blikk for alle